



Saksframlegg

Vedtak - reguleringsendring i reguleringsplan for Fisketjønn, planid: 201301

Utval	Utvallsak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovedutval for plan og miljø

Dokument i saka:

Sak 14/26 i hovudutval for plan og miljø; Reguleringsendring reguleringsplan for Fisketjønn, planid: 201301

Bakgrunn for saka:

I møte i hovudutval for plan og miljø 10.02.2026 vart det behandla ein søknad om dispensasjon frå BYA og tal bygg i reguleringsplan for Fisketjønn. Denne søknaden vart avslått. Vi fekk ingen klage på vedtaket, men ein ny og endra søknad om dispensasjon.

Sidan det er nasjonale føringar for at ein skal unngå å dispensere frå planverket og heller vurdere om det er behov for reguleringsendring ved gjentatte søknader om dispensasjon har administrasjonen vore i kontakt med grunneigar Stein Helge Lassemo, med spørsmål om ein i staden skulle sjå på ei reguleringsendring av føresegnene til planen. Lassemo er einig i at det er ei god løysing.

I hovudutval for plan og miljø 24.03.2026 sak 14/26 vart det vedtatt og legge forslag til endring av reguleringsføresegner ut på høyring.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Legge til rette for vidare utbygging av eksisterande og vurdere nye områder for fritidsbustad.

Høyringsforslaget til endring av føresegnene vart sendt ut 27.03.2026 med frist for merknader innan 08.05.2026.

Det har ikkje kome nokon merknadar innan fristen.

Konklusjon:

Med bakgrunn i vurderinga ovanfor tilrår kommunedirektøren at forslaget til endring i føresegnene for reguleringsplan for Fisketjønn planid: 201301 leggst fram til endeleg vedtak.

Føresegnene blir endra til denne ordlyden:

2.6. Samla bebygdareal (BYA) for kvar tomt skal ikkje overstige 150 m². BYA kan delast på to bygg, med anneks/uthus på inntil 30 m². Parkering er ikkje inkludert i BYA.

2.7. I tillegg til samla tillete BYA kan det først opp uisolert uthus på inntil 40 m² .

Innstilling frå kommunedirektøren:

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-14 og delegeringsreglementet til Fyresdal kommune blir saka lagt fram til vedtak for hovudutval for plan og miljø.

Punkt 2.6 og 2.7 i føresegnene til reguleringsplan for Fisketjønn planid: 201301 endrast slik høyringsforlaget lyder.

Planregisteret oppdaterast fortløpande.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen
	avdelingsingeniør